


Bøkkerveld-suksess med fine ferjer i fokus

Otto Ermland kåserte både om ferjer og "anna fint flytande". (Foto: Ola Matti Mathisen)

For 13. gongen sidan det lukkelege sambuarskap mellom godseigar Hallvard Rød og leigending Kristian Bringedal vart innleia var det fredag kveld bøkkerveld i Uskedalens mest originale forsamlingshus Bøkkerverkstaden.



Kristian Bringedal leia bøkkerveld nummer 13, usliteleg som han er. (Foto: Ola Matti Mathisen)

Dei 70 som kom – og fleire var det ikkje plass til – hadde nokre fine timar saman i eit særreige sjøbruksmiljø. Også denne bøkkekvalden vart ein suksess - med deltakarane som ein del av ei levande kulturhistorie.



Lubbesilda fekk også mykje skryt. Her er vi midt i måltidet. (Foto: Ola Matti Mathisen)

Denne gongen var ferjene til HSD i fokus, det vil seia dei som bokforfattar, forleggar og sjølvutnevnt HSDdirektør (!) Otto Erslund definerer som dei fine ferjene. Det er dei som eksisterte mellom 1938 og 1968. I eit sorgmuntert og sprudlande kåseri fortalte han også korleis det har gått med nokre av dei etter at dei vart teke ut av teneste på Vestlandet.

Storferja Hardangerfjord, som vart omdøpt til Vøringen, fann Erslund i dramatisk forfall i København. Ho let seg ikkje redda.

Sveio – omdøpt til Aspø – fann han i høgst levande funksjon i den finske skjærgarden så seint som i 2005. Ho er ikkje lenger bilferje, men med Åbo som utgangspunkt kan ein reisa med ho heilt ut til Utø – ei ferd som tek nesten sju timar. Ferja er mykje endra – mellom anna er mannskapsrommet ikkje overraskande omgjort til sauna! Erslund har eit spesielt forhold til Sveio - han såg henne komma inn på hamna i Leirvik for første gong i 1967. Då vart han ståande i imponert undring – over den hydrauliske baugporten som opna seg.

I kåseriet, som eigentleg heitte "Dei fine ferjene og anna fint flytande" var Erslund også innom den greske, aniskrydda nasjonaldrikken ouzo og særleg då opplevingar han hadde hatt på ouzo-øya Lesbos. Og han hadde ei finte til folk på våre kantar: Kvifor driv dei ikkje med ein tilsvarende produksjon – så godt råstoffgrunnlag som dei har?

Han undra seg også over kvifor vi ikkje er flinkare til å utnytta silda.

Men under bøkkekvalden vart ho i høgste grad utnytta, som tradisjonen tilseier. Lubbesilda – denne gongen introdusert av professor i bioteknologi Dag Helland frå Valen – var sjølvstekt på menyen også denne gongen. Den lokale leverandør vart sterkt berømt og det var det grunn til.

Sterkt berømt vart også den musikalske menyen. Ein kvartett leia av trommis Kjell Borge Olsen og ellers bestående av sonen Leif Henrik (gitar), Morten Kvam (kontrabass) og Heine Bugge (trekkspel) hadde eit utsøkt låtprogram for oss som har levd ei stund.

Loddsalet til inntekt for ei enno ikkje fullfinansiert kai utløyste berre positive reaksjonar.

Utpå kvelden var ein tung kulturfaktor i Kvinnherad innom – han heiter Bjørn Skibenes! I grunnen var det berre ein ting vi sakna denne kvelden. Det var bålet!

Av Ola Matti Mathisen



Kvartetten som gjorde susen: Heine Bugge, Kjell Borge Olsen, Leif Henrik Borge Olsen og Morten Kvam. (Foto: Ola Matti Mathisen)